

BIBL


# Veg og Virke

Bedriftsblad for

Statens vegvesen Møre og Romsdal

Nr. 3 1993 21. årgang


VEGDIREKTORATET  
30 JULI 1993  
BIBLIOTEKET



**Statens vegvesen**  
Møre og Romsdal



# INNHALD



## PROFILAR

30 år på anlegg ..... 18

## VEGNYTT

Langtidsplan 1994 – 97 ..... 3  
NVVP 1994 – 1997 ..... 4  
Langtidsplan for fylkesvegar ..... 7  
Eiksundsambandet ..... 16  
Siste nytt på stikningsfronten ..... 17  
Valsøyfjordprosjektet åpnet ..... 12-13

## BILTILSYNET

Vi måler avstander ..... 10  
Sikkerhetskontroll ..... 11  
Ulovlig med kufanger ..... 17  
Ny løft i Kristiansund ..... 14

## LABORATORIET

Sjøboring, en spesialitet ..... 9

## BRU- OG FERJEKASEKSJONEN

Forsker og utvikler bruvedlikeholdet ..... 15  
Vi bygde Svensby ferjekai ..... 20

## VI BESØKTE LILLEHAMMER

..... 21

## PERSONALIA

..... 8

## KJØP EN DRESS, DA VEL

..... 14

## BEDRIFTSIDRETT

..... 19

## KRYSSORD

..... 22-23

## SISTE SIDE

Nytt frå Møre og Romsdal ..... 24

Redaktør: Wiggo Kanck  
Redaksjonssekretær: Palma Pladsen

Redaksjonsutvalg: Ottar Brudeseth, drift,  
Sverre Digernes, driftsavdelinga,  
Terje Haug, administrasjonsavdelinga,  
Berit Ingebrigtsen, planavdelinga.

Utgitt av: Statens vegvesen Møre og Romsdal,  
Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: 072 58 000 Telefax: 072 58 328

Opplag: 2200

Etter ønske frå vegsjef E. Vollset vert side 3 stilt til disposisjon for ansatte i Statens vegvesen Møre og Romsdal.

Om ikkje anna er gjeve opp, er teksta laga av redaktøren. Ettertrykk vert anbefalt, men angi kjelde. Personlege meiningstryningar gjer nødvendigvis ikkje greie for etatens offisielle haldningar.

Framsida: Valsøyfjordprosjektet.  
Foto: Statens vegvesen Møre og Romsdal

Deadline for neste nr. er 19. august 1993.

Sats og trykk: EKH trykk, Molde. Telefon: 072 11 133



# LANGTIDSPLANAR 1994-97

I løpet av juni i år var to viktige saker for verksemda vår dei næraste åra oppe til politisk behandling. Den 9. juni vedtok fylkestinget langtidsplan for fylkesveggar 1994-97, og ei veke seinare var Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97 oppe til behandling i Stortinget.

## LANGTIDSPLAN FOR FYLKES- VEGAR

Samferdselsutvalet i fylket drøfta denne saka i fleire møte for å kome fram til ein så riktig investeringsprofil som mogleg. Det var klart at det ville bli knapt om midlar og det var viktig å bruke dei slik at nytteeffekten vart størst mogleg. Samferdselsutvalet meinte vi burde basere oss på investeringsramme om lag som i perioden 1990-93. Under den seinare behandling i fylkesutval og til sist i fylkestinget, vart ramma redusert og enda opp med 98,5 mill. kroner for heile perioden. Dette svarar til om lag 25 mill. kroner kvart år i perioden frå fylkeskommunen si side.

I tillegg til dette kan vi rekne med eit tilskot frå staten på om lag 16 mill. kroner kvart år, slik at det samla vert vel 40 mill. kroner årleg. Av desse løyvingane vil om lag 2/3 gå til forsterking til 10 tonns aksellast på dei viktigaste fylkesvegane som fyller føresetnadene for statstilskot.

For tiltak på den meir sekundære delen av fylkesvegnettet vert det berre svært små beløp. Det er elles sett av mindre beløp til gang-/sykkelveggar og trafikktryggingstiltak. Vi må såleis innstille oss på mindre anleggsverksemd i fylkesvegsektoren dei næraste åra.

Det som endå verre er, er dei alt for knappe løyvingane til vedlikehald av fylkesvegnettet. Her har vi trass trafikkauke og større slitasje ved auka aksellast, hatt ein realnedgang på om lag 20 % sidan 1986. Løyvingane er no så knappe at vi slit på vegkapitalen. Det kan ikkje gå i mange år før det gir synlege negative resultat. Aller mest påtrengjande no er behovet for å få gjort noko med dei store skadene vi har fått på betongbruene som følgje av

saltinntrenging. Her kan det gå mot krise om vi ikkje maktar å følgje opp med utbetringstiltak. Dersom det ikkje vert mogleg å få auka vedlikehaldsbudsjettet i åra som kjem, kan vi bli tvinga til å foreslå bruk av dei knappe investeringsmidlane til opprusting av bruene.

Dei knappe vedlikehaldsløyvingane gir også for låg fornyingstakt av faste dekker, vedlikehald av grusvegane og til grøfter og stikkrenner m.v.

I det heile ser det ikkje lyst ut når vi tenkjer på alle påtrengjande oppgåvene i fylkesvegsektoren. Men vi må også sjå dette som ei stor utfordring i det vi legg stor omtanke og arbeid i å planleggje alt arbeid og alle tiltak i såvel anlegg som vedlikehald slik at kvar krone gir maksimal utteljing.


## NORSK VEG- OG VEGTRAFIKK- PLAN 1994-97

Vårt forslag for perioden vart drøfta fleire gonger i samferdselsutvalet før fylkestinget ga si tilråding i juni i fjor. Under heile denne prosessen låg det til grunn ei planleggingsramme på om lag 800 mill. kroner.

Fylkestinget slutta seg med berre nokre få flyttingar av småbeløp til vegsjefen sitt forslag.

Men eitt av forslaga frå fylkestinget, løyving av 10 mill. kroner til oppstart av Eiksundsambandet, ville få så store konsekvensar i den etterfølgjande planperiode 1998-2001 at vegsjefen ikkje fann det riktig. Det er nemleg også så store andre bindingar i same periode, med innfartsveg til Ålesund som den største, at det ville bli for lite att til ombygging og forsterking av eksisterande vegnett med oppstart av eit nytt storprosjekt i tillegg. I den samanheng er det nok å minne om at vi enno har over 100 km av riksvegane med grusdekke, jumboplass på landsbasis.

Vidare har vi omfattande rassikringsoppgåver, veggar med dårleg geometrisk standard og liten bereevne og



E. Vollset

stort behov for gang- og sykkelveggar m.v.

Men det er klart at etter at vegplanramma gjennom Stortingsmeldinga om Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97 er auka frå 800 mill. kroner til 900 mill. kroner og ved seinare behandling i Samferdselskomitéen og Stortinget er komen opp på 932 mill. kroner, er situasjonen endra med større opning og høve til oppstart av nye storprosjekt.

Oppstart av Eiksundsambandet i slutten av perioden 1994-97 inneber at anlegget må fullfinansierast i perioden 1998-2001. Og vi må kunne rekne med at denne bindinga vert følgd opp med tilsvarande større løyvingar slik at alle påtrengjande oppgåver på eksisterande vegnett ikkje må "leggjast på is".

Samferdselskomitéen har i si behandling av Stortingsmeldinga om vegplanen mellom anna bede om at det vert halde fram med planlegginga av Lepsøybrua/Nordøyvegen og Todalsfjordprosjektet.

Det er rimeleg å tru at dette har skapt store forventningar og optimisme i dei distrikta der desse prosjekta ligg. Eg vonar dei ikkje vert vonbrotne. Dette er gode og viktige prosjekt. Men dersom det skal finnast plass til løyvingar på denne sida av århundreskiftet, må riksvegløyvingane til fylket opp på eit langt høgare nivå.

Når det elles gjeld samferdselskomitéen si behandling av vegplanen, må det kunne konstaterast at lokale delegasjonar frå fleire område i fylket synest å ha hatt betydeleg gjennomslagskraft.

E. Vollset





## NORSK VEG- OG VEGTRAFIKKPLAN 1994-97

Etter drøftingar i Stortinget av Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97 har Møre og Romsdal fått ei økonomisk ramme på 932 mill. 1993-kr. Planleggingsramma som Vegdirektoratet gav for utarbeiding av forslaget vårt til NVVP, var 770 mill. 1991-kr (tilsvarar ca. 800 mill. 1993-kr). I Stortingsmelding nr. 34 vart beløpet auka til 900 mill. kr.

Vi er sjølv sagt svært taknemlege for denne auken i ramma til veginvesteringar i perioden 1994-97.

Konsekvensen av investeringsplanen er at det trengst ca. 600 mill. kr i 1998-2001 til å fullføre tre prosjekt som er i gang i 1997. (Riksveg 653 Eiksundsambandet, riksveg 1/riksveg 9 Spjelkavika og riksveg 62 Øksendals-tunnelen.) Med ei økonomisk ramme på ca. 900 mill. kr i denne perioden blir det svært små midlar til andre heilt nødvendige tiltak både på stamvegnettet og andre viktige riksvegruter i fylket. Dette vil vere svært uheldig m.a. for dei mange transportane med vogntog til og frå fylket.

I Stortingsmeldinga er det sett av for små midlar til å oppretthalde dagens vedlikehaldsstandard på riksvegnettet. Sjølv om totalbeløpet enno ikkje er fordelt på fylka, kan det vere grunn til å frykte at det også i Møre og Romsdal blir dårlegare vedlikehald av riksvegnettet i 1994-97.

### Økonomiske rammer 1994-97 for heile landet

Norsk veg- og vegtrafikkplan (tidlegare Norsk vegplan) har alltid vore bygd på økonomiske rammer. Dermed har Stortingsmeldingane om NVVP vorte realistiske planar som blir lagt til grunn for dei årlege statsbudsjetta.

	Løyvd 1990-93	St.meld. forslag 1994-97	Vegdir. forslag 1994-97
Vegadministrasjon	5 847	5 800	5 800
Drift av staten sine vegar	14 634	15 550	17 100
Staten sine veganlegg	17 806	17 200	15 650
Tilskott fylkesvegar	1 028	1 050	1 050
Sum	39 315	39 600	39 600
Bompengar m.v.	7 200	4 200	4 200

Dette viser at departementet har redusert investeringane med 606 mill. kr frå 1990-93 til 1994-97, som tilsvarar ein reduksjon på 3,4 %.

Investeringsplanen fører til at det i perioden 1998-2001 trengst 7,1 mrd. kr til å fullføre prosjekt som er i gang i 1997.

### Redusert vedlikehaldsstandard

Vegdirektoratet har tilrådd eit noko høgare nivå og ei anna fordeling av ramma til vegføremål enn departementet har lagt til grunn. Innafor ramma på 39,6 mrd. kr har



Vegdirektoratet rådd til at den felles ramma til vedlikehald og ferjer bør vere minst 17,1 mrd. kr, og at investeringsramma blir tilsvarande mindre. Vegdirektoratet meiner dette er nødvendig for å oppretthalde ferjetilbodet og vegstandarden, innfri aksellastmålsetjinga, sikre tilstrekkeleg bruvedlikehald og ta seg av nye oppgåver (m.a. miljøomsyn) innan vedlikehaldet. Det vil også bli auke i kostnadene pga. lengre veglengde og større trafikk.



Konsekvensane av for små midlar til vedlikehald kan bli dårlegare vegdekke og dermed auke i kjøre- og tidskostnader for trafikantane. Dessutan kan det bli fleire ulykker.

Midlane til vegvedlikehald er enno ikkje fordelte på fylka.

### Investeringsnivået i Møre og Romsdal

I Stortingsmeldinga er det lagt til grunn at fylket vårt skal få 900 mill. 1993-kr i 1994-97. I 1990-93 har vi hittil fått (i 1993-kr):

Ordinære investeringsmidlar	807 mill. kr
Sysselsetjingsmidlar	93 mill. kr
Andre riksvegmidlar	137 mill. kr
	<hr/>
	1037 mill. kr

Fordeling av investeringsmidlane:

	Vegkontoret sitt forslag til NVVP <sup>1)</sup>	Stortingsmeld.
Stamvegar	168	168
Andre riksvegar	430	543
Andre tiltak	204	189
	<hr/>	<hr/>
	802	900

1) Basert på økonomisk planleggingsramme 770 mill. 1991-kr som Vegdirektoratet gav.

Samferdselskomitéen i Stortinget har i si behandling av Stortingsmelding nr. 34 om Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97 gitt desse merknadene når det gjeld Møre og Romsdal:

Komitéen vil be om at planlegging av Lepsøybrua/Nordøyvegen og Todalsfjordprosjektet blir følgd opp.

- Komitéen vil be om at det blir sett av 20 mill. kr til opprusting av fylkesvegen til Todalen. Komitéen ber departementet vurdere ei omklassifisering av denne veggen til riksveg.
- Komitéen vil be om at riksveg 650 Sjøholt og Stordal og riksveg 661 i Haram kommune blir tilført 8 mill. kr og 4 mill. kr til opprusting.
- Komitéen sitt fleirtal sluttar seg til prioriteringa av Eiksundsambandet.

Dermed har komitéen auka investeringsbeløpet i Stortingsmeldinga frå 900 mill. kr til 932 mill. kr. Auken som komitéen har gjort både her i fylket og i andre fylke skal dekkjast ved å redusere administrasjonsbudsjettet.

Det blir no spanande å sjå i kor stor grad det blir økonomisk mogleg å følgje opp NVVP i dei årlege budsjetta.

Møre og Romsdal sin del av den økonomiske ramma som er fylkesfordelt blir i følgje stortingsmeldinga 5,3 %. Denne fordelinga har utvikla seg slik:

PERIODE	1970-73	1974-77	1978-81	1982-85	1986-89	1990-93	1994-97
Prosentdel	6,3	6,6	6,7	6,7	5,8	5,9	5,3

### Prosjekt som er venta løyving i 1994-97

Etter behandlinga i Stortinget har desse prosjekta fått midlar i NVVP 1994-97 (beløp i mill. kr i parantes):

#### Stamvegar (totalt 168 mill. kr)

Rv 1: Bjørkedalen (7), Kile (4), Bergehalsen-Sør Vartdal (14), Solevågseidet (36), Blindheim-Spelkavik-Lerstad (52 av totalt behov 310), Digernes-Svorta (16), Valle-Håhjem (17).

Rv 9: Veblungsnes (11,5), Innfjorden-Søviknes (10,5).

#### Andre riksvegar (totalt 543 mill. kr + 32 mill. kr som er påplussa av samferdselskomitéen i Stortinget)

Strekingsfordelt i Stortingsmeldinga/komitéinnstillinga (400 mill. kr):

- Krifast (80).
- Rv 1 Remmem-Vestnes bru (45).
- Rv 62 Grytnes-Usma (4), Øksendal-Storvika (61).
- Rv 680 Linvåg-Leira (4), Aursundprosjektet (104).
- Rv 653 Eiksundsambandet (50 av totalt 450, bompengar dekkjer 125-150).
- Fylkesveg til Todalen (20).
- Rv 650 Stordal-Sjøholt (8).



- Rv 661 Haram (Hofset) (4).
- Rv 60 Hellesylt og
- Rv 63 Geiranger (20).

Ikkje strekningsfordelt (175 mill. kr), og der reknar vi med at desse prosjekta er med:

- Rv 60 Magerholm fk. (16) og Tronstad (11).
- Rv 61 Hareid fk. (3), Årvik fk. (3).
- Rv 63 Oppland grense-Eidsdal (15), Linge-Sogge (20).
- Rv 64 Sylte-Vevang (24).
- Rv 651 Volda (3).
- Rv 652 Voldshammaren (11).
- Rv 653 Rjånes fk. (6) (som følge av Eiksundprosjektet blir det inga investering?)
- Rv 654 Straumsstraumen (16).
- Rv 655 Lekneset fk. (4).
- Rv 659 Myklebust fk. (3).
- Rv 665 Lundbakken-Aspås (22).
- Rv 670 Røkkum fk. (9).
- Fylkesveg Horsgård-Buvik (5).

### Andre tiltak (189 mill. kr)

- Gang-/sykkelveggar (45)
- Trafikksikringstiltak (54)
- Kollektivtrafikktiltak (4)
- Miljøtiltak (16)
- Anna (70)
  - \* planlegging 27
  - \* mindre utbetringar
  - \* servicetiltak (m.a. rasteplassar) } 43

Til disposisjon (burde vore 14-18 mill. kr) (0).

### Gang-/sykkelveggar

Staten tek det fulle ansvar for bygging medrekna grunnerverv frå 1. januar 1994. Staten tek over ansvaret for vedlikehald frå 1. januar 1995. Før den tid skal det skje ei omklassifisering av gang-/sykkelvegane og staten må overta grunnen som gang-/sykkelvegane er bygd på. Det blir ein relativt stor innsats i 1994-97 med bygging av nye gang- og sykkelveggar.

### Aksjon skoleveg

Aksjonen starta i 1979 og vil halde fram i 1994-97. I NVVP 1994-97 er det rekna med 180 mill. kr til dette tiltaket.

### Miljøtiltak

Det vil skje ei relativt sterk satsing på dette området. Her i fylket er det få personar som er plaga av luftforureining frå vegtrafikken, og derfor vil innsatsen i stor grad bli retta mot støyttiltak. Miljøkontroll vil kome sterkare inn i kjøretøykontrollen.

### Trafikksikringstiltak

Innsatsen på dette området vil bli ganske stor i 1994-97. Løyvinga er på heile 54 mill. kr.



### Mindre utbetringar

Det var tanken at ein stor del av midlane til mindre utbetringar i forslaget vårt skal brukast til forsterking av viktige riksveggruter. Eit mindre beløp var tenkt sett av til rassikringstiltak.

### Bindingar for NVVP 1998-2001

Konsekvensen av dei investeringane som er foreslått, er at det i vegplanperioden 1998-2001 blir slike bindingar:

Rv 1/Rv 9	Spjelkavika	ca. 260 mill. kr
Rv 653	Eiksundsambandet	ca. 275 mill. kr
Rv 62	Øksendalstunnelen	ca. 35 mill. kr
		ca. 570 mill. kr

Med ca. 200 mill. kr til "andre tiltak" (gang-/sykkelveggar m.v.) blir det små midlar att til investeringar i riksvegnettet elles i fylket om investeringsramme 1998-2001 berre blir 800-900 mill. kr. Behovet for investeringar i dette vegnettet er svært stort.

Vi er derfor ottesame for desse store bindingane for 1998-2001.

Skal det dessutan i perioden 2002-2005 skje ei gjennomføring av dei to prosjekta som samferdselskomitéen ber om blir planlagt, vil ein stor del av ei økonomisk ramme på 800-900 mill. kr også i denne perioden gå med til å finansiere store kostbare prosjekt.

Dette vil vere svært uheldig m.a. for dei mange store og tunge transportane med vogntog til og frå fylket.

*Svein Solbjørg*



# LANGTIDSPLAN FOR FYLKESVEGAR FOR PERIODEN 1994-97

I møte 9. juni 1993 vedtok fylkestinget langtidsplanen for fylkesvegar. Dei årlege budsjetta vil vise i kor stor grad fylkeskommunen og staten med sine tilskott greier å følgje opp denne planen.

Fylkestingsvedtaket, som var samrøystes, inneber følgjande prioritering av investeringsmidlane:

Prioritet	Tiltak	Investering mill. kr	
		Stat	Fylke
1	Ta imot statsmidler til		
	– forsterking av overordna hovudvegar/viktige transportruter.	50	60
	– store fylkesvegprosjekt (rassikring)	7	5
	– Aksjon skoleveg.	6	4
2	Diverse.		
	– Gang/sykkelvegar, miljø-, trafikksikrings- og kollektivtiltak.		6
	– Handikaptiltak.		1
	– Handlingsplan for trafikktrygging.		5
	– Mindre anlegg med 50% kommunedel		4
	– Kartlegging, grunnoppmåling		1
– Kyststamvegutvalet.		0,5	
3	Utbetring av vegar som ikkje tilfredsstillar kravet for å få statstilskott.		12
		63	98,5

Dermed er det ikkje sett av midlar til refusjonar. Fylket skuldar i dag 9 kommunar til saman ca. 29,5 mill. kr (beløpet varierer mellom kr 450 000,- og kr 13 742 232,-). Den eldste forskotteringa er frå 1979.

Det er utarbeidd prioriteringslister for forsterkingstiltak på viktige fylkesvegar, for utbetringar av andre fylkesvegar og for refusjonar.

For trafikksikrings- og miljøtiltak m.v. er det utarbeidd ei førebels prioriteringsliste. Gjennomføringa av forsterkings- og utbetringstiltaka krev ei svært nøktern anleggsdrift. Dette vil bli ei stor utfordring for Vegvesenet.

## Funksjonsinndeling/klassifisering av fylkesvegnettet

Føresetnaden for det statlege forsterkingsprogrammet er at den delen av fylkesvegnettet med størst betydning for næringslivet skal prioriterast. Basert på dette har Vegdirektoratet utarbeidd meir detaljerte kriteriar for funksjonsinndelinga.

Ut frå desse kriteria kom vi fram til at om lag 1/3 av fylkesvegnettet vårt på 1825 km pr. 1. januar 1994 kan reknast å ha funksjon som overordna hovudveg/viktig transportrute. I ei tilsvarende klassifisering som vart utført i 1988, kom vi fram til at 336 km av fylkesvegnettet vårt pr. 1. januar 1990 var særskild viktig for næringslivet.

## Statstilskott

Vi reknar med at det i perioden 1994-97, som i 1990-93, blir gitt statleg tilskott til forsterking av viktige transportruter, til store fylkesvegprosjekt og til Aksjon skoleveg (sjå tabellen framafor).

Statstilskottet til forsterking av viktige transportruter blir berre gitt til forsterking og dekkelegging og vil tilsvare 60 % av denne kostnaden. Alle andre utbetringar som breiddeutviding og betring av horisontal- og vertikalkurvaturen, skal betalast heilt ut av fylkeskommunen.

## Data om fylkesvegnettet

VEGNETT	1. JANUAR 1994	1. JANUAR 1997
Sum veglengde (i km)	1824,9	1824,2
Fast dekke (i km)	1076,9	1141,2
Grusveg	748,0	683,0
Aksellast 10/10 og 10/8 t (i %)	12,6	





Dei vegane som har ein overordna funksjon (viktig transportrute), har jamnt over ein høgare standard (prosentvis meir fast dekke og høgare tillaten aksellast).

## Investeringsbehov

Vi har vurdert at det vil koste om lag 800 mill. kr å utbetre heile fylkesvegnettet til ein minstestandard. Det er då rekna med fast dekke og 10 tonn tillaten aksellast, eventuelt 8 tonn i teleløysinga. Dette inneber at det blir lagt til grunn ei enkel utbetring - nærast berre skifte av vegdekke.

Skal utbetringa bli meir omfattande - meir i samsvar med standardkrava i vegnormalen - vil kostnaden kunne bli 3-4 gonger høgare enn dei nemnde 800 mill. kr.

Av beløpet på 800 mill. kr utgjer kostnaden med å utbetre dei overordna fylkesvegane ca. 180 mill. kr.

I dette behovstalet har vi ikkje teke med behov for midlar til bygging av gang- og sykkelvegar, andre trafikksikrings- og miljøtiltak og rassikringstiltak.

## Drift av fylkesvegnettet

Tilstandsregistreringane, driftsdata frå eige fylke og frå landsomfattande kostnadsoppfølgingar, gir følgjande behovstal:

	Kostnad 1991	Årleg behov 1994-97
Sum	87,7	107,0

Dersom løyvingane til vegvedlikehald blir for låge, kan det bli nødvendig å foreslå å nytte investeringsmidlar til vedlikehald, m.a. til det kostbare og heilt nødvendige bruvedlikehaldet.

Nedanfor blir det gitt ein kort omtale av nokre delpostar i det årlege behovstalet for 1994-97 på 107 mill. kr.

### Vedlikehald av faste dekke

Totalt i perioden 1994-97 er det rekna med behov for løyvingar til fornying og lapping av faste dekke på 70 mill. kr (eller 17,5 mill. kr pr. år).

### Bruvedlikehald


Dei registreringane vi har utført, har avdekt store bruskarer. Behovet i perioden 1994-97 for løyvingar til bruvedlikehald har vi no rekna til 34 mill. kr (eller 8,5 mill. kr pr. år). Vi kan ikkje sjå bort frå at behovstalet er endå høgare.

### Vintervedlikehald

For å halde dagens standard i ein "normal" vinter er det i 1994-97 eit årleg behov for 16,9 mill. kr.

### Vedlikehald av grusvegar

Vi reknar med at for å halde dagens standard trengst det 15,4 mill. kr kvart år i 1994-97 til grusvegvedlikehald.



## Saksbehandling

Kommunane kom med ønska sine om fylkesveginvesteringar sist haust. Desse ønska og våre eigne registreringar og vurderingar ligg til grunn for det investeringsforslaget vi har utarbeidd.

Saka har vore drøfta i samferdselsutvalet i fylket fleire gonger og ein gong i fylkesutvalet før fylkestinget gjorde vedtaket sitt 9. juni 1993.

For første gong var drift av fylkesvegar (vegvedlikehald) omhandla i langtidsplanen. I debatten i fylkestinget var det fleire representantar som omtala vegvedlikehald og dei var spesielt ottesame for dei store bruskarane som er registrert

Svein Solbjørg

*Vi gratulerer*

**50 år**

Jakob T. Øvstedal, Sjøholt	12. august
Svein Solbjørg, Molde	16. august
Arnfinn Eliassen, Molde	3. september
Svein Bolme, Surna	16. september


**60 år**

Arne Lauvrak, Molde	6. august
Anders L. Glomstad, Aure	11. august
Sigurd Løfoll, Austefjorden	20. august



# SJØBORING

## – en spesialitet i Møre og Romsdal



«Laban»

**Vi bor i et fylke der det stort sett er kort veg til sjøen, og der fjorden er en naturlig ferdselsveg. Dette har fra gammelt av nødvendiggjort bygging av bruer og kaier, og i de siste 2 årtier undersjøiske tunneler og store undersjøiske fyllinger.**

Denne utviklingen har vært en utfordring til oss om å klare å utføre grunnundersøkelser på stadig større vandyp.

I utgangspunktet startet vi med et håndholdt borutstyr på en liten pontongflåte (6 oljefat), og vanddybden kunne vel være opptil ca. 8-10 meter.

Så fikk vi "Ragnhild", ei gammel fiskeskøyte fra Remøy på Sunnmøre. "Ragnhild" hadde et mannskap på 5 under boring, og utstyret var en tidlig modell av langhullsrigg. Vanddybden kunne være opptil ca. 20 meter.

Midt på 80-årene kom en større versjon av borflåte, den såkalte "Telemarkflåten", som kunne ta vår nye borerigg, Geotech 604. Med tyngre borutstyr kom også en utvikling av annet utstyr for oppankring og avstiving av borestrengen med foringsrør. Dette førte til at vanddybden kunne økes til bortimot 40 meter.

I 1988 overtok laboratoriet driften av en liten kataran fra anleggsavdelinga. Med passelige dimensjoner (og vekt), eget framdriftsmaskineri og en liten dekkskran, viste "Laban" seg snart å være midt i blinken for vårt formål. Framdrift og skrogfasing gjør den mye lettere å håndtere enn en flåte i strøm og sjø, og dekkskranene forenkler i høy grad installering av foringsrør. Når vi legger til et effektivt opplegg for posisjonering og oppankring samt avsti-

ving av foringsrørene, har vi pr. i dag fått oss et meget tilfredsstillende utstyr til dype sjøboringer.

Og dybderekorden er stadig flyttet, nå sist ved et oppdrag i Hordaland, Fastlandsforbindelse Halsnøy, der vi utførte en totalsondering gjennom ca. 15 meter delvis harde, steinrike løsmasser og ned i fjell, under 60 meters vanddybde.

For å illustrere hvor tynne borestrengen og 4" foringsrør er når de går fra vannflaten og ned til sjøbunnen på kt. - 60,0, kan vi forminske dette til 1:30. Da blir foringsrøret et 2 meter langt brus-sugerør og borestrengen tykk som en jernbindertråd. Det er klart at under slike forhold er det absolutt nødvendig å kunne behandle utstyret riktig. En feilmanøver kan lett føre til stangbrudd eller brekk i foringsrør. Denne jobben gjøres på en utmer-

ket måte av våre 2 grunnborere, O. E. Risan og B. Skjølvik, som sammen med formann A. Talset har deltatt aktivt i utvikling av metoder og utstyr.

Vi ser i dag muligheten av å øke vanddybden til ca. 80 meter, med større foringsrør og forbedret opplagrings- og avstivingsopplegg. Det er vel verd å satse på en videreutvikling: vårt kostnadsnivå er mye lavere enn (en brøkdel av) kostnadsnivået til Nordsjøutstyr som hittil har vært eneste mulighet ved så store vandyp.

Siden 1990 har vi hatt boreoppdrag i flere fylker, og løst disse på en tilfredsstillende måte. Med tidens tendens til spesialisering og samarbeid mellom fylkene ser vi fram til at vår sjøboringskompetanse blir utnyttet i etaten.

Bjørn Wivestad



# BILTILSYNET

## Måling avstand mellom kjøretøyer

Biltilsynssjefene i Nord- og Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal har gått inn for at vi i alle fylkene skal utvikle felleskontroller med bl.a. måling av avstand til forankjørende. I denne forbindelse har vi fått i oppdrag å se nærmere på hva som skal til for at vi også her i fylket kan drive denne form for trafikantveiledning.



Temaet på felleskontrollen var avstand til forankjørende.

Biltilsynet i Nord-Trøndelag har utviklet et apparat som kan kobles til de registreringsapparat som Vegvesenet har i forbindelse med kabelsløyfer i vegbanen.

I øttertid er det kommet fram at dette "ekstra" apparatet som er utviklet for biltilsynet i Nord-Trøndelag kan erstattes med en PC.

I vårt fylke er det 4 stk. datarec på vegkontoret. Disse brukes i den generelle dataregistreringen.

Dette apparatet kan

også brukes til å registrere kjøretøyvekter, men da tilkoblet en spesiell type kabler i vegbanen.

Den 11. september i fjor prøvde vi utstyret i praksis for første gang på riksveg 9 i Skorgedalen på Vestnes. Vi fikk med oss Hermund Vebestad på vegkontoret med en datarec 410 + en bærbar PC. Med nødvendig program koblet vi oss inn på kabelsløyfene som ligger permanent i vegbanen. Utstyret virket som forutsatt og vi fikk nøyaktige målinger på av-

standen mellom kjøretøyene. Måling av avstand mellom kjøretøyene er for øvrig bare en liten del av det som datarecen kan brukes til.

Den 17. september kjørte vi en aksjon i Ålesund med temaet "Avstand til forankjørende".

Hva så med den videre oppfølgingen av denne form for trafikantveiledning?

Det som må til av utstyr for at vi kan foreta denne målingen er:

- 1 stk. datarec 410.

- 1 stk. PC (bærbar PC når vi ikke har tilknytning til 220 V)  
- 4 stk. radiokommunikasjonsutstyr VHS

Det er videre ønskelig at vi får dataene fortløpende ut på en skriver slik at vi kan lese av avstanden og gi korrekte meldinger til en eventuell stoppost. Dette og eventuelt andre "justeringer" som må gjøres for at utstyret er best mulig egnet til avstandmålinger, bør kunne gjøres på en enkel måte.

*Bjørn Welle*



# BILTILSYNET

## SIKKERHETSKONTROLL

Biltilsynet i Trøndelagsfylkene og Møre og Romsdal gjennomførte i mai en stor fellesaksjon hvor temaene var: Informasjon/kontroll av bruk med sikringsutstyr, spesielt barnesikringsutstyr og informasjon om riktig avstand til forankjørende. De fleste biltilsynsstasjonene var med i denne aksjonen.



*Det ble holdt kurs for barna. Bjørn Welle, Biltilsynet Ålesund leverer ut kursmateriellet.*

Biltilsynet ser det som veldig viktig å informere om riktig kjøreadferd og informere om nye regler og bestemmelser som kommer. Dette er svært viktig nå når vi ikke lenger har prøve ved fornyelse av førerkortet.

I forbindelse med informasjon om bruk av sikringsutstyr har vi oppsøkt trafikken til og fra barnehagene, og vi har også holdt "kurs" for barna slik at de selv vet hvordan de skal bruke sikringsutstyr og kanskje også påvirke sine foreldre.

I tillegg til info/kontroll av barnesikringsutstyr var vi også "på vegen", her hadde vi en observasjonspost som ga beskjed om å stoppe de

bilene hvor fører eller passasjerer ikke brukte bilbelte.

Hvordan er så brukerprosenten for sikringsutstyr i vårt fylke:

I tettbebygd strøk bruker 85 prosent av passasjerer og bilførere bilbelte.

Utenfor tettbebygd strøk bruker 90 prosent bilbelte.

Sikring av barn i biler er også god, 88 prosent av alle barn (under 15 år) er sikret i godkjent barnesikring.

Det andre temaet var "Avstand til forankjørende".

Til å måle avstanden mellom kjøretøyene bruker vi Vegvesenets

"trafikktegningspunkter". Med god hjelp fra vegkontoret bruker vi også det samme utstyret som brukes ved tellinger o.l.

Med dette utstyret kan vi via en PC se på de enkelte bilers avstand til forankjørende.

I denne aksjonsuken hadde vi en kontrollpost på riksveg 9 ved Skodje og en kontrollpost på riksveg 1 ved Tøndergård i Molde.

I Molde foretok vi en registrering av "bilfører-adferden" og gjennom lokal TV og aviser prøvde vi å informere om riktig avstand til forankjørende.

1001 - 1002 - 1003

På Skodje hadde vi i tillegg en stoppost hvor vi informerte direkte til bil-

førerne som ikke hadde korrekt avstand til forankjørende.

Vi har også fått laget en egen brosjyre som vi deler ut til publikum, "Kan du telle unngår du smellet".

Hvordan er så bilførerdyktigheten når det gjelder å holde riktig avstand til forankjørende?

Prosentvis som holdt mellom

0 og 1  
sek. avstand = 4,6

1 og 2  
sek. avstand = 28,2

2 og 3  
sek. avstand = 29,5

over 3  
sek. avstand = 37,6



# Festdag for en vakker veg

– Det jeg ser her i dag er bare utrolig. Veg- og bruforbindelsen over Valsøya er blitt langt finere enn noen av oss på forhånd hadde forestilt oss. Vi har ventet i 20 år på at denne vegen skulle komme. På vegne av alle i Halså er det bare å slå fast at fredag 2. juli for alltid vil bli stående som den store «vegdagen».



Det var Stortingsrepresentant Kjell Borgen (midten) som foretok den høytidelige åpninga. Det gjorde han med gammelt bødtkerredskap fra kommunen. Her flankeres Kjell Borgen av ordfører Harald Nymoen (t.v.) og vegdirektør Olav Søfteland.

Det var Liv Glomstad, leder i Rodal og Engdal lokalutvalg, som på denne måten og på vegne av innbyggerne i kretsen og kommunen uttrykte sin glede og betydning for at vegen nå ligger ferdig.

Det er snart 50 år siden tanken om veg- og bruforbindelse over Valsøya ble kastet fram. Det skjedde i samband med at de første planene om en stamveg fra Molde til Trondheim ble lansert. Vegtanken ble tatt opp på nytt under kommunesammenslåinga og reguleringa av kommunegrensene på 60-tallet.

Og fredag 2. juli ble den festdagen alle håpet den skulle bli. Vegåpninga ble gjennomført i god vegvesen-tradisjon. Rundt 1000 festglade mennesker, sangkor og musikkorps, veteranbilkortesje, besøk av geitbåt i sundet under brua og smørblide værguder var med på å

lage en ordentlig god og minnerik ramme omkring åpningssermonien.

– Jeg er like glad og stolt som dere. Jeg er overbevist om at denne nye vegen, som korter inn avstanden til Trondheim med 14 km, kommer til å bety svært mye for området. Veganlegget kommer til å bli en livsnerve i lokalsamfunnet her i Halså kommune. Bak fullføringen av prosjektet ligger stor innsats og stort pågangsmot fra lokalbefolkningen. Vegen er et eksempel på at veg- og bruforbindelser kan bygges vakkert og i pakt med de naturskjønne omgivelsene. Dette er en fin kommune, og neste gang jeg kommer tilbake har jeg med meg kona og campingvogna, sa Kjell Borgen før han klippet snora med gammelt bødtkerredskap fra Halså kommune.

Vegdirektør Olav Søfteland uttrykte sin store tilfreds-

het både med prosjektet og den store oppslutninga fra lokalbefolkninga. Han sa:

– Den oppslutninga kommunens innbyggere viser ved åpninga av den nye vegraseen beviser at Stortinget gjorde riktig da de sa ja til planene om innkorting av riksveg 71. Jeg setter ekstra pris på å være her, ikke minst fordi jeg også fikk gleden av å oppleve Krifast. Veg- og bruforbindelsen over Valsøya er i tillegg et eksempel på hvordan en veg- og bruforbindelse kan bygges vakkert. Her opplever vi både at veg og bruer glir inn i naturen på en fin måte. Dette er et godt eksempel på ypperlig arbeid fra tegnebrett til spadetak.

Ordfører Harald Nymoen i Halså kommune rettet i sin tale en stor takk til Statens vegvesen for et praktfullt anlegg.

– Dere fortjener honnør for ikke bare å bygge veg, men også for å ha laget et tiltalende veganlegg for oss trafikanter. Dere har gitt oss et flott anlegg som glir godt inn i landskapet og naturen vi er så stolte av her i Valsøyfjord. For alle vi som bor og lever i distrikts-Norge betyr samferdsel, gode veger og faste samband svært mye. Jeg er sikker på at vegtutløsningen har sikret bosettingen på Valsøya. Fullføringen av anlegget er med på å legge til rette for ny optimisme og satsing i Halså kommune, sa Harald Nymoen.



Det er snart 50 år siden tanken om Valsøya ble kastet fram. Åpninga og ung!

## "EN SEIG KAMP"

– Det har vært en seig kamp for å få gjennomført det sambandet som nå åpnes og som har vært regnet som en klar forutsetning for den regulering av kommunegrensene som medførte at Innlandet krets ble overført fra Aure til Halså. Lokale krefter - kommunen - fylkeskommunen og ikke minst



## VALSØYFJORDPROSJEKTET

# Uten uhell og til rett tid

Valsøyfjordprosjektet i Halså kommune på Nordmøre er ein 4 km lang, ny parsell som kryssar Valsøyfjorden frå Hestnes over Kjøløya og Valsøya til Stokke. Opninga av vegsambandet vil føre til at riksveg 71 blir 14 km kortare og at 18 km veg rundt Valsøyfjorden kan leggjast ned som riksveg.

Anlegget erstattar ein smal, uoversiktleg riksvegstrækning med skarpe svingar, rasfarlege parti og tunnelar med for låg høgde. Gjennomgangstrafikken blir ført utanom tettstadene og bygdene rundt Valsøyfjorden. Den nye vegen gir kortare avstand mellom utkantane og sentrumsområda i Halså kommune. Opninga av anlegget kan føre til at ein større del av gjennomgangstrafikken mellom Møre og Romsdal og Trøndelagsfylka kan bli overført til denne vegruta.

Første byggjetrinn, fastlandssamband til Valsøya, vart opna hausten 1986. Arbeidet på andre byggjetrinn starta 1. juli 1991 med utdjupeing av seglløpet under Valsøybrua. Det første spadetaket på vegen vart teke på Leirviklandet 1. oktober 1991. Valsøybrua blei påbyrja 3. januar 1992.

Valsøybrua er ei spennarmert betongbru, bygd etter fritt frambygg-metoden. Brua er 380 meter lang. Seglingshøgda er 24 m, og seglingsbreidda er 60 meter. Seglløpet er 6 meter djupt på lågvatn. Brua har ei total



Valsøyfjordprosjektet er ein 4 km lang parsell som kryssar Valsøyfjorden frå Hestnes over kjøløya til Stokke.

breidde på 9,4 meter, med 6 meter køyrebane og 2 meter gangbane. Valsøybrua og utdjupeing av seglløpet kostar i underkant av 40 millionar kroner. Strækninga frå Hestnes til Valsøya er ombygd til to køyrefelt og lavbruene, Hestnesbrua og Hestholmbrua, har i tillegg til to køyrefelt fått fortau på ei side. Heile Valsøyfjordprosjektet er bygd som avkøyrsleregulert hovudveg med total vegbreidde på 7,5 meter. Vegen er dimensjonert for 10 tonns heilårsbere-

evne. Dimensjonerande fart er 75 km/t.

Valsøyfjordprosjektet er finansiert med løyvingar på 61,7 millionar kroner frå staten og 4,2 millionar kroner frå fylket.

Statens vegvesen Møre og Romsdal har i tillegg til å vore byggherre, stått for detaljplanlegging, byggleiing, byggjearbeid og vil seinare stå for drift og vedlikehald.

om veg- og bruforbinding over  
fjorden ble en festdag for gammel

fylkesmannen har aktivt stått på  
for å få gjennomført prosjektet.

Men denne første etappen har  
aldri vært betraktet som noe mer  
enn en god start.

Arbeidet og innsatsen for full  
utbygging fortsatte og i 1990 kom  
gjennombruddet med den første  
bevilgningen.

Men bl.a. på grunn av at det var  
ulike syn på linjevalget tok det

såpass tid å få godkjent planen at  
arbeidet først kom i gang i juli  
1991, altså for nøyaktig 2 år siden.  
Framdriften av anlegget har gått i  
samsvar med oppsatt driftsplan og  
er ferdig til fastsatt tid uten alvor-  
lige arbeidsuhell.

Det at arbeidet er utført godt  
innenfor fastlagt tids- og kostnads-  
ramme forteller at arbeidet er  
gjennomført av fagfolk med solid  
arbeidsinnsats, og god utnyttelse

av arbeidstid og driftsmuligheter.

Nå, ved anleggets avslutning og  
